

Skodje næringsforening

Årsmelding 2016

Skodje næringsforening vart skipa 5. april 2016. Den vart stifta på initiativ fra ordførar Dag Olav Tennfjord og i forkant av stiftingsmøtet vart 4 personer frå næringslivet i bygda utfordra til å ta verv i styret. I vedtektene til foreninga går det fram at medlemskap er for alle som driv verksemd i kommuna og at medlemskapet er gratis. I det første året har styret prioritert å skape møteplassar for næringsdrivande samt å utfordre aktørar til å presentere si verksemd i medlemsmøta. Medlemsmøta har vore opne for alle som ønsker å delta.

Styret i Skodje næringsforening:

I stiftingsmøte 5. april 2016 vart følgande styre valgt:

Geir Vidhammer (leiar)
Kjell Tafjord
Peder Stette
Jan Petter Larsen

Medlemmane i styret er valgt for 2 og 3 år. 2 medlemmer står på val etter 2 år og 2 medlemmer står på val etter 3 år. I stiftingsmøtet vart det ikkje presisert kven av medlemmane som er valgt inn for 2 år. Dette bør avklarast i årsmøte 20. april 2017. I årsmøtet skal det også veljast ein valkomite som innstiller på medlemmer i styret etter årsmøtet 2018.

Ordføreren i Skodje kommune har møte- og talerett i styret, jf §3.

Styret har hatt 4 møter i 2016. Det er ført egne referat fra møta.

Medlemsmøter i Skodje næringsforening:

Skodje næringsforening har hatt 3 medlemsmøter i 2016. Alle medlemsmøta har vært opne for alle som ønsker å delta. Møta er gjennomført i Kultursalen, Gomerhuset.

Stiftingsmøte 5. april 2016.

Tema i møtet var godkjenning av vedtekter og val av styre. Rådmann og økonomisjef i Skodje kommune orienterte om kommunal inntektsmodell og planprossar i Skodje kommune.

Medlemsmøte 28. september 2016.

Blomsterkjelleren, Vello Nordic, H-produkter, Spar Kjøp og Posten/Bring presenterte verksemdene sin og fortalde om muligheter og utfordringer med næringsverksemd i Skodje kommune.

Ingrid Berg fra Skodje ungdomsskule orienterte om innovasjonscamp og inviterte til samarbeid med næringslivet. Ordfører Dag Olav Tennfjord orienterte om rullering av arealplan og utvikling i sysselsetting og folketal.

Medlemsmøte 10. november 2016.

Tema for det opne møtet var verdien av fjordkryssingar i eit loggistikperspektiv. Harald Espeland orienterte om prosessane rundt ferjefri E39 og Storfjordsambandet samt konsekvensane dett kan få for regionbygging. Fylkesordfører Jon Aasen holdt foredrag om

samfunnsnytta av samferdselsutbygging. Fra Circle k fekk næringsforeninga orientering om Digerneset som logistikknutepunkt og Ekornes ASA v/logistikkdirektør Lars Wittemann var tydeleg på viktigheita av å satse på samferdselsutbygging for å halde regionen attraktiv for næringslivet.

07.04.2017

Anders Norvald Hammer
Sekretær